



Øystre Slidre kommune

Næring plan og byggesak

Bygdinvegen 1989 2940 Heggenes

Øystre Slidre Kommune
Bygdinvegen 1989
2940 Heggenes

Delegert Sak

Dykkar ref.:

Vår ref.:

ROGTOR - 26/8919

Arkiv:

Q14, L42

Vår dato:

28.07.2026

Saksnr.	Utval
210/26	Kommunedirektør v/ næring plan og byggesak
188/26	Kommunestyret

Endringsvedtak - Utbyggingsprosjekt Tjednbakkvegen - Veg og fortau

ENDRING AV LØYVE etter Plan- og bygningsloven § 20-3

Løyvet det blir søkt om avvik eller endring frå

JP ID: 25/12322

Dato: 06.03.2026

Adresse	Gardsnr.	Bruksnr.	Festenr.	Seksjonsnr.
Tiltakshavar Øystre Slidre Kommune Bygdinvegen 1989 2940 Heggenes				
Type endring Justeringa omfattar: •Mindre sideforskyvingar av eksisterande skiløypetrase på enkelte delstrekningar, i hovudsak med ei forskyving på nokre få meter. •Mindre justeringar av høgdeprofilen for å oppnå ei meir føremålstenleg terrengtilpassing. •Avgrensa utviding av løypearealet der dette er naudsynt for den justerte traseen.				

Vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-3, jf § 20-1, samt kommunalt delegasjonsreglement, godkjenner kommunedirektøren v/leiar av næring, plan og byggesak endringane som følgjer denne søknaden.

Vilkår:

1. Endringsvedtaket gjeld kunn dei punkta omtala i søknaden og vedlagt dokumentasjon.
2. Ytterlegare endringar utover punkta i denne saka må varslast og behandlast på ny. Eigen varslings til grunneigarar blir då kravd.

Vurdering:

Tiltaket er vurdert som mindre justering ifrå opphøveleg løyve. Endringane er innanfor same område, og grunneigaravtaler er inngått. Endringa går ikkje utover det som er ramma gitt i opphøveleg løyve, og kan gjennomførast.

Føresetnader med heimel i lovverket

1. I tilfelle tilsyn eller kontroll, skal dette løyvet alltid vere tilgjengeleg på byggjeplassen.
2. Det blir lagt til grunn at alle relevante funksjoner og ansvarsområde i tiltaket er dekkja med nødvendig ansvarsrett jf. pbl §23-3.
3. Er tiltaket ikkje sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld om tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9.
4. Bygningen/ tiltaket må ikkje bli tatt i bruk før ferdigattest ev. mellombels bruksløyve er gjeve, jf. pbl § 21-10.
5. Bygningen/ tiltaket må ikkje bli tatt i bruk til anna føremål enn det dette løyvet føreset.
6. Det må utførast intern kvalitetssikring slik at tiltaket ikkje strid mot føresegn gjeve i eller i medhald av plan- og bygningsloven.
7. Skifte av tiltakshavar under gjennomføringa skal straks meldast til kommunen både av den opphavlege og den nye tiltakshavaren, jf. pbl § 23-2.

Vi gjer merksam på at det er høve til å klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova.

Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet meldinga om vedtak er kome fram til klagar.

Ev. klage skal setjast fram skriftleg til Øystre Slidre kommune, vise kva for vedtak det klagast over og kva for endring ein ynskjer i vedtaket. Kommunen kan gje nærare rettleiing om framgangsmåten ved klage. Partar har rett til å sjå dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19

Med helsing

Tore Rogne

Saksbehandlar bygg

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift.

Mottakar

Øystre Slidre Kommune

Bygdinvegen 1989

2940

Heggenes

